

BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik | Nr. 1 | mars 2025 | Årgang 67



Søndagsskuleveteran	3
Folkemusikkmesse	4
Den påska Jesus feira - fridomsfesten	6
Om å gi	10

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydsenter, Storøyni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjeverje:

Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 958 04 217
wm953@kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk, tlf. 967 42 927, ebryk@interia.pl

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Bergo Aarvik, tlf. 452 28 287,
tiljorunn@gmail.com

Kyrkjetenar: John-Rikard Mandelid

Soknerådsleiar: Unni Solem, tlf. 905 13 446

Eidfjord kyrkjekontor:

Lægreidsvegen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51
post@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjeverje: Irene Vivei,
irene@eidfjordkyrkje.no

Assisterande kyrkjeverje: Tone Felle Nesheim,
tone@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, kris@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjetenar: Christian Bouvain,
christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Diakoniarbeidar og klokkar: Ingeborg Wijland,
ingeborgwijland@gmail.com

Soknerådsleiar: Kari Tveit Hovland, tlf. 913 86 874

Sokneprestar:

Eidfjord: Signe Elisabeth Kvåle, sk935@kirken.no,
tlf: 917 91 233

Ulvik: Anne Marthe Ulvik, tlf. 924 35 096,
au237@kyrkja.no

Eller kontakt: Voss kyrkjekontor – prosten,
tlf. 56 52 38 80

Redaksjon for kyrkjebladet:

Ass. kyrkjeverje Tone Felle Nesheim, Ann Kristin
Steinhovden Wathne, kyrkjeverje Willemina van
Manen, Unni Solem og Finn Johan Gjerde.

Redaktør: Kari Tveit Hovland,
karihovland1@gmail.com

KONTONUMMER: 3626 26 78029

VIPPS: 661653

Bladpengar for 2025 kr 200,-


Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar
og gåver til kyrkjebladet.

**Takk til alle gode støttespelarar i
Eidfjord og Ulvik!**

«Gled dykk heller fordi namui dykkar er uppskrivne i himmelen.»
Lukas 10: 21



Åse Gjerde sitt søndagskulekort ved Brakanes søndagskule frå 1954.



Brakanes søndagsskule ein dag under krigen.

TEKSTLESAR I ULVIK KYRKJE

Kan du tenkje deg å vera tekstlesar i gudstenesta eit par gonger i året? Me er på utkikk etter personar som kan tenkje seg å lese bibeltekstar under gudstenesta. Er dette noko som appellerer til deg?

Ta gjerne kontakt med kyrkjeverje Wilma van Manen,
tlf. 56 52 68 00, eller send melding til wm953@kyrkja.no.

Søndagsskuleveteran i Ulvik

Sara E. Lindebrekke må seiast å vera ein veteran i søndagsskullearbeidet i Ulvik. I om lag 30 år har ho vore med i krinsen på Brakanes.

TEKST OG BILETE: ULVIK KYRKJE

Sara skriv: Syster mi seier ho gjekk i søndagsskule hjå fru Daae (prestefrua) kring 1914-15. Søndagsskulen var den gongen i skulehuset som brann i 1940. Sjølv var eg litt på søndagsskule hjå Helena Vambheim, kring 1918-19. Det var på «Betel». På Brakanes byrja me i 1942. Inga Bergo, Marta Vambheim (no Tveit) og eg var med. Inga reiste snart frå bygda; då vart det Marta som overtok leiinga. Då Marta reiste, overtok eg. Men det laga seg med hjelp, og der vart mange medhjelparar opp gjennom åra. Elles fekk me med dei som reiste for dei ymse misjonane.

I slutten av januar hadde me som oftast fest. Då var de ofte nokon frå krinsstyret med. Borna underheldt med song og med «tablå» som me hadde øvd inn.

Dei vanlege timane i søndagsskulen byrja med song og tekstslesing. Dei eldste borna las stundom litt. Til tekstgjennomgåinga brukte me i siste tida flanellograf, om me hadde noko som høvde til teksten. Me song mykje, og lærte nye songar av slike me hadde på gjesting. Før jol var de som oftast bra frammøte, men etter jol minka det. Ei tid var det så gildt – det var mange mødrer som fylgte borna; far òg bringa og henta stundom.


Me heldt til på «Betel» til skulen som er no, kom opp. Skulestova var meir enn fullsett ofte. Borna slutta som oftast føre konfirmasjonen.

Nokre heldt lenger ut, og det var gildt.

*«Ingen er så trygg på ferdi
som Guds barneflokk i verdi
Ingen fugl so vel er verna
Inga himmelsol og stjerna»*

*«Eg er liten, men eg vil
alltid høyra Jesus til
Han som høyrer meg og ser
når eg ber»*

Gud signe arbeidet i søndagsskulen!



Sara E. Lindebrekke

25.04.1911–02.05.1997

Historien til Sara E. Lindebrekke kunne ein lese om i kyrkjeblad for Granvin og Ulvik september-oktober 1983 nr. 6., i jubileumsboka Ulvik kyrkje 150 år (side 47-48) og ein gong til i Brubyggjaren nr. 1/2025.



Bibelkort frå
søndagskulen.

Folkemusikkmesse under Landskappleiken i Eidfjord

Sundag 29. juni kl. 10.00 inviterer Hardanger Spelemannslag og Eidfjord kyrkje til «Folkemusikkmesse frå Hardanger».

TEKST OG BILETE: RANNVEIG DJØNNE

Siste veka i juni er det Landskappleik i Eidfjord. Landskappleiken er noregsmeisterskap i folkemusikk og folkedans, og det er venta over 1000 deltakarar i alle dei ulike tevlingane. Attåt tevlingane er det fleire konserter og ellers eit rikt kulturprogram. Hardanger Spelemannslag er veldig glade for å ha Eidfjord kyrkje som ein av samarbeidspartane i høve Landskappleiken, og inviterer til folkemusikkmesse frå Hardanger i kyrkja.

Litt om «Folkemusikkmesse frå Hardanger»

I 2011 engasjerte Ullensvang kyrkje Rannveig Djønne til å skriva ny gudstenestemusikk i folkemusikkstil. I fyrste omgang var det dei fire liturgiledda «Kyrie», «Gloria», «Sanctus» og «Agnus Dei» som fekk nye melodiar, men etter kvart har det kome til nye komposisjonar. Messa har fått namnet «Folkemusikkmesse frå Hardanger». Fyrst og fremst skulle songane vera inspirert av folkemusikken i Hardanger, enkle å hugsa for kyrkjelyden og sangbare. Tilbakemeldingane har vore at folk hugsar desse melodiane når dei kjem heim og at dei er kjekke å syngje med på. Messa har vore mykje nyttta etter urframføringa i 2012, både i Hardanger og andre stader. Salmane under messa er eit utval av gamle folketonar.

Under folkemusikkmessan i Eidfjord kjem ein til å få oppleva utøvarar på hardingfele, vokal, toradar, trekkspel, tverrfløyte, dans og song. Hardanger Spelemannslag kjem til å invitera koristar frå Toneskredo, Chorus 80 og Songria (Ulvik) til å delta som forsongarar, og forfattar Ruth Lillegraven frå Granvin skal lesa dikt som ein del av preika. Komponist av



messan; Rannveig Djønne skal både organisera messa og vera med og spela, og ho har også med seg arrangør av musikken; Silje Hveem Lofthus på tverrfløyte.

Velkomne til ei storlagen og vakker stund!



Dugnad på Brakanes gravplass

Velkommen til dugnad på gravplassen tysdag 22. april kl. 18.00–20.00! Me skal raka kvist, og håpar du kan ta med ei rive. Etterpå blir det kaffi og noko godt å bite i som takk for innsatsen. Alle er hjarteleg velkomne til å bidra!

GJE HÅP

– SAMAN GJER ME EIN FORSKJELL!

Årets Fasteaksjon går av stabelen tysdag 8. april. På ettermiddagen denne dagen vil konfirmantar eller andre frivillige frå Eidfjord og Ulvik banke på døra di. Pengane som blir samla inn går uavkorta til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid hjå dei som treng det aller mest.

Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i verda i dag pga. jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt, men det er håp. Kirkens Nødhjelp jobbar med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusera nød og fattigdom i verda. Me jobbar for fred og rettferd, og for å redde liv. Gjennom fasteaksjonen samlar me inn pengar til dette livsviktige arbeidet, med særleg fokus på tilgang til reint vatn og dei enorme ringverknadene det skaper for enkeltmenneske og lokalsamfunn. Reint vatn reddar liv.

Ta godt imot bøsseberarane!

Me tek imot kontantar eller du kan Vippse direkte til Kirkens nødhjelp på 2426 eller du kan sende SMS med kodeordet VANN til 2426, då gir du kr 300,-.

Takk for at du er med og bidreg!



Den påska som Jesus feira - fridomsfesten

TEKST: SIGNE ELISABETH KVÅLE

Påskeveka er vel ferieveka med flest helgedagar, frå palmesøndag til andre påskedag og med ein sterk samanheng frå dag til dag. Men for oss ser det ikkje ut som om det er nokon samanheng mellom palmesøndag og skjærtorsdag, for dette er vanlege arbeidsdagar og ikkje raude dagar i kalendaren. Vi knyter ikkje noko spesielt innhald til dei, og bibeltekstane som omhandlar desse dagane blir ikkje sett inn i påskesamanhengen. Men om vi ser nærmare inn i den påska Jesus feira og var kome til Jerusalem for å vere med på, får også mandag, tysdag og onsdag eit viktig innhald. Dagane kan få lukt og smak og farge, og bli like tunge av innhald som skjærtorsdag og langfredag. Den jødiske påskefesten kalla dei for vår store fridomsfest. Feiringa av utgangen frå Egypt og alt Gud har gjort for å bevara Israelsfolket og berge det frå ulykker.

Jesus kjem til Jerusalem den dagen pilgrimane byrja å kome til den store påskefesten. Difor er byen og områda rundt fullt av folk. Når han set seg på eselet på Oljeberget, er det mange som ser symbolikken og er villige til å sjå Jesus som Messias. Stemninga er alt på topp og tankegangen er for mange open for at dette er starten på noko stort. Så går dagane og det utspelar seg store drama i Jerusalem, alt før høgtida tek til.

Mandag: dagen då Jesus i raseri reinsa tempelet. For å forstå kvifor han gjorde det, må vi sjå for oss eit kjempestort område med store plassar, søylegangar og mindre bygningar og som omkransar sjølve det heilage tempelet. Heile dette området er fullt av folk, for pilgrimar frå heile Israel og frå utlandet har kome til Jerusalem for å feire. Difor skal dei også betale tempelskatt – obligatorisk for alle jødar – og dei skal bæra fram offer. Offer er til dømes lam eller duer. Sidan dei kjem frå alle kantar, trengs det pengevekslarar som kan veksle til gangbar



mynt, og det trengs duer og lam til sals. Marknadskreftene rår, og prisane går i været når etterspurnaden er så stor som i påska. Duer var for dei fattige som ikkje hadde råd til lam, og desse kosta berre nokre få kroner, men prisen kunne stige med tusen prosent samt gebyr, og var difor rein utnytting av dei fattige. Pengevekslarane tok på si side både gebyr og gav därleg kurs. Vi veit om at både kongen og prestane kunne ha sugerøyr ned i desse pengekassene. Det var dette som gjorde Jesus så rasande at han raserte bord og boder og jaga handelsmennene vekk. Tempelet, som skulle vera til bøn og offring, var vorte til ein marknad for kriminelle.

Tysdag: Jesus talar til folket og underviser. Dette skjer både på tempelplassen midt i byen og på Oljeberget, utanfor byen. Tempelplassen hadde i alle tider vore ein arena for undervisning. Det var dette Jesus hadde kome inn i alt den gongen som 12-åring, då han vart att i Jerusalem medan foreldra tok på heimveg. Prestar, farisearar og rabbinarar hadde sitt faste tilhald her, og viktige diskusjonar om både politikk

og teologi, to saker som ofte var eitt og det same, føregjekk her. På same måten som dei skriftlærde samla sine tilhøyrarar, samla Jesus læresveinane og elles dei som ville høre. Jesus snakkar særleg om to emne; hans eigen rolle som Messias, som heng nøyne saman med denne plassen og denne tida, og kva som skal skje i framtida. Han forutser at Jerusalem skal øydeleggast og at han sjølv er grunnsteinen i det nye som skal koma. Han knyter saman både tempelet, landet og byen, framtida og seg sjølv.

Onsdag: Fest og salving i Betania. Betania er ein litteliten by som ligg eit par kilometer sørvest for Jerusalem. Her budde dei tre syskena Marta, Maria og Lasarus, som vi veit at Jesus hadde eit venskapsforhold til. Her budde også Simon, ein mann som hadde vore sjuk av lepra, altså spedalsk, og som truleg var blitt helbreda av Jesus. Simon byr inn til fest for Jesus og læresveinane, og sikkert mange andre pilgrimar som er komne til byen. Medan dei et og drikk kjem ei kvinne og salvar Jesus med kostbar salve/olje av nardus. Dette tolkar Jesus sjølv som ei stafesting av at han er Messias. Kven kvenna er veit vi ikkje sikkert. Johannes seier det er Maria, syster til Marta og Lasarus. Ho har sjølv fått undervisning av Jesus og kan ha tenkt seg til at dette høvde nett den kvelden. Det kan ha vore ei anna Maria, kanskje Maria Magdalena, også ho ein av dei kvinneleg læresveinane. I alle fall har det vore ei av dei mange kvinnene vi veit var knytt til Jesus, og som slik sat med kunnskap og innsikt.

Så kjem skjærtorsdag og langfredag og påskedag. Alt som har skjedd mandag, tysdag og onsdag kjem i rørsle mot eit klimaks, først på Golgata og så ved den tomme grava. Når ikkje eingong dei som stod Jesus nærest forstod alt som hende, er det ikkje rart at vi treng etterpå-klokskapen og Den heilage ande for å forstå det.

ULVIK KYRKJE 1. DESEMBER 2024

Ljosmesse

1. sundag i advent

TEKST OG BILETE: ULVIK KYRKJE

Tradisjon tru var konfirmantane med å laga ljosmessa i Ulvik kyrkje første sundag i advent. Ikledd kvite kapper og ljos i handa gjekk dei inn i prosesjon og skapte ei nydeleg stemning for alle som var tilstades. Dei las fine tekster og tente ljos i ljoscgloben. Me song kjende adventsalmer og tente adventsstaken. Takk for ei stemningsfull og god førjulsstund i kyrkja saman med dei flotte konfirmantane våre.



Kveldsgudsteneste: Musikk-bilde-ord

TEKST: ULVIK KYRKJE

På kveldsgudstenesta i Ulvik kyrkje 20. oktober, fekk me høyre det vakre pianospelet til Edyta Bryk og gode ord frå soknepresten Anne Marthe Ulvik, medan auga våre vart gleda av dei vakre bileta til Bodil Høyland. Me takkar Edyta og Bodil for deira bidrag!

Det er med stor glede me har valt eit biletet frå Bodil, som prydar framsida av denne utgåva av Brubyggjaren.



ULVIK KYRKJE 6. OKTOBER 2024

Hausttakkefest

TEKST OG BILETE: ULVIK KYRKJE

Ein stor og fin gjeng med barn og vaksne var samla til Hausttakkefest denne søndagen. Guri-Kristina pynta kyrkja med ein nydeleg dekorasjon av markas grøde. Me hadde laga til eit lite alter nede i kyrkja. Då barna kom inn i prosesjon dekorerte dei det vesle alteret med blomstrar og frukt. Ulvik skulemusikkklag spelte til stor glede for oss alle! Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi. Ein fin og stemningsfull søndag for liten og stor!



Aldri kjedeleg i Eidfjord kyrkje

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Ein ting er sikkert og det er at det er aldri kjedeleg å jobbe i Eidfjord kyrkje. Det skjer masse, regelmessige arrangement, men òg ganske unike. Hausten 2024 var ikkje eit unntak. Hausten byrja med middagsselskap for alle førsteklassingane med følgje. God mat og god stemning vart det.



Minikyrke gjekk sin gang denne hausten òg. Det vart fire kjekke samlingar. I november fekk me besøka Bygdaheimen. Dei gamle slapp ikkje unna, og måtte vise kor mykje pust dei hadde att til å blåse såpebobler.

Kvar onsdag er det tid for babykos med småbarnsforeldre i spiserommet.

I september starta me noko nytt. Ei gong i månaden kjem agentar frå 1. og 2. klasse for løysa store og små mysterie i kyrkja vår.

Mysteriet blei det òg når 2-åringane vart invitert til krøllesamling. Vår gode gjetar Rolf hadde nemleg mista yndlings-sauen sin. Heldigvis kunne 2-åringane hjelpe til og me fann sauen Krølle til slutt. Barna fekk ei bok og eit ljos som minne med heim.



På hausstakkefesten fekk 4-åringane ein barnebibel. Eit nytt kull med minikonfirmantar er òg regelmessig innom kyrkja. I mars skal me på minikonfirmantleir i lag med minikonfirmantar frå Kinsarvik sokn og Ullensvang sokn.



I november reiste konfirmantane på konfirmantleir. Der blei dei kjent med nye ungdommar. Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Kinsarvik reiste nemleg i lag. Leirstaden denne gongen var Jondal. Ei innhaldsrik helg med mykje program og lite søvn.

Desember er ein travel månad i kyrkja. Julevandringar, adventsgudstenester og andre juleaktivitetar stod i kø. Det var mange, kjekke og fine stunder i kyrkja som skapte gode minner.

Me får ikkje gløyme «Ferie utan koffert». Trufaste kjem pensjonistane til kyrkja kvar første tysdag i månaden. Ingeborg har mykje godt program på lur. Av og til få ho litt hjelp med å finne på ting. I haust vart det orgelkonsert, juleverkstad, forteljingar frå fjellet ved Thomas Varberg, historia til skauting ved Agnete Sivertsen, og mykje meir. Men høgdepunktet vart nok septembersamlinga. Vêret viste seg frå si beste side då me skulle til fjells. Hans Tveit hadde invitert oss til Isdalen. Det vart ein fantastisk føremiddag i solveggen. Her kunne me verkeleg seia me er på ferie utan koffert.



Om å gi

Det er 23. mars, og fiskemåseparet sit på telefonstolpen ved huset hans og skrik: «eiiia, eiiia, æ-æ-æ». Han veit kva det betyr: «Hei, vi er tilbake! Har du mat?»

TEKST: RAGNAR BULL

Slik hadde det vore i mange år, 23. eller 24. mars, og mat fekk dei på verandarekkverket hans både på dei datoane og sommaren igjennom. Og var han ikkje snar nok med matbitane, så skreik dei til dei fekk. Han småkjente litt over den skrikinga, kanskje vart naboane uroa? Det hende måsane sette seg i båten hans når han var ute og fiska. Då fekk dei nokre godbitar som han kasta ut på vatnet. Kanskje hadde han Forkynnaren 11,1 i tankane? «Kast brødet ditt på vatnet; for med tida finn du det att.» Om hausten flaug dei sørover. Farvel og på gjensyn!

Og han kunne seie til meg: «Ser du han vesle der, han med halen ivêret? Det er Martin i Muren!» For meg var det eit nytt namn på gjerdesmetten. Og Martin i Muren og dei andre småfuglane som han gav til heile året.

Eller: «Sjå den vesle, tynne stemorsblomsten mellom dei to steinhellene. Det er meg det!» Han visste, også av eigen erfaring, at livet ikkje alltid var lett. Han møtte nokre

«brotsjørar». Eller han kunne seie etter bedehusmøtet at han vart så velsigna av talen, medan eg med litt skam tenkte med meg sjølv at andakten gav meg lite. Eller: «Eg veit de strevar med vedlikehaldet på bedehuset. Eg skal koste nytt panel og arbeidspengar på den stygge veggen. De er så få, og då slepp de å slite dykk ut med arbeid.» Eller då koronaen herja, og eit anna bedehus ikkje kunne halde basar, då kompenserte han med mange pengar i ein konvolutt. Eller konvolutten med 5000 kroner som vi fekk med til Fiskarheimen på Røst. Eller alle andre konvoluttar med pengar som han kom med til ulike ideelle organisasjoner som tok seg av dei minste og svake. Konvoluttar med påskrifta «Såkorn» skrive med skjelvande hand. Sjølv sat han då ved kaffibordet vårt medan eg overførte pengane og skreiv ut kvittering.

«Kast brødet ditt på vatnet; for med tida finn du det att.»

Forkynnaren 11,1

Eller dei 15 borna på Filippinane som månadleg fekk underhald. Eller skulen der nede som han kosta ein ny etasje på og kjøpte to minibussar til, - og ordna med julegåver og



Foto: Anne Aune

julefest til alle på skulen der. Eller nokre vener i Bergen som trong ein moped eller ein bruktbil. Eller «Betanien», det store aksjefondet på over ein million som han testamenterte til ein hjelpeorganisasjon. På det fondet vart anna overskot frå aksjar og andre fond plassert. Eller, eller ...

Han døyde ein vinter for eit par år sidan, – på fødselsdagen sin. Våren etter, på ein av dei nemnde datoane, sat eit fiskemåsepar på telefonstolpen og skreik «eiiiia, eiiiia, æ-æ-æ». Slik skreik dei nokre dagar og såg mot rekkverket. Så var det over. Han var ikkje heime eller i båten. Og då den siste store «brottsjøen» kom, var nok Jesus der og drog «båten i land». Trur eg.

Ei stor, tung, opna bok ligg på marka. Gravsteinen hans. Ei tilvising til Bibelen står nede på den eine sida. Slik tek det skriftordet til: «For så elskar Gud verda at han gav ...» Men sjå kven andre som ligg der på marka og sørger for nytt liv! Eg veit ikkje om det er ein av det same paret, – som rugar ved ein kjenning dei fann att? Så var det kanskje ikkje heilt over?

Fulle av energi, men på rett spor!

TEKST: EIDFJORD KYRKJE

Kva får du dersom du blander ein god klunk med energi – og ein liten dæsj med kaos? Det har du kanskje ikkje tenkt på at du lurte på, men svaret er Agentklubb i Eidfjord kyrkje.

Siste tysdagen i januar fekk eg vere med på agentklubben i Eidfjord kyrkje. Eit friskt knippe 1. og 2. klassingar vart henta på SFO og kom sprettande til kyrkjelydsalen sprekkfulle av energi og klare for nye oppdrag. Det var full rulle frå fyrste stund!

Ingeborg, som leda samlinga, hadde med seg ei skattekiste, men det var litt krise for ho hadde mista nøkkelen til hengelåsen! Dramaet var i gang! Heldigvis er agentar alltid klar for action, og Tale fann nøkkelen inne i skapet etter at alle hadde leita høgt og lågt ei god stund. Kista blei opna, og der var dei! Agentbøkene – og alle kunne puste letta ut.



Ingeborg viste bilder frå Barnebibelen og fortalte om Samuel som budde og arbeidde i tempelet frå han var berre ein liten gut. Sjølvsgått var det også sang og musikk. «Liten, men god som gull» og «Jesus er foran meg og bak meg» runga i kyrkjelydsalen så det var ein fryd å høre på.

Eit stort teppe med ein heil hær av gutedyr vart lagt ut på golvet. Agentane fekk velge seg eit dyr og eit sett med klappe- og limeutstyr så dei sjølve kunne lage jentedyret som passa saman med gutane. Teppet blir til slutt Noas Ark og skal etterkvart henge i barnekroken i kyrkja.

Supertyrsdag i Ulvik kyrkje!

Me veit at livet med små barn kan vere travelt, men me håpar me kan gi deg ein velfortent pause! Kom og nyt ein felles middag med andre foreldre og barn på kyrkjekontoret. Etter maten blir barna underheldne med leik, hobbyaktivitet, song og musikk, og til og med dukketeater! Det blir ein koselig ettermiddag for både små og store.

NÅR?

Tysdag 11. februar og tysdag 20. mai kl. 16.00–17.30.

KVEN?

Alle som har lyst å kome, men arrangementet passar best for familiar med barn i barnehagealder. Alle barn må kome i følgje med ein voksen.

KOSTNAD:

Det er i utgangspunktet gratis å delta. Du kan støtte arbeidet vårt ved å melde barnet ditt inn i Søndagsskole Norge og velje gruppe «Ulvik søndagsskule».

For enklare matbestilling set me pris på om du melder frå kor mange de kjem.

Bruk gjerne påmeldingsskjema på www.kirken.no/ulvik_supertyrsdag.

HAR DU SPØRSMÅL?

Ta kontakt med Wilma på telefon 950 04 217 eller send e-post til wm953@kyrkja.no.

Vi håpar å sjå deg og barna dine til ein triveleg og kjekk ettermiddag!






Barnas

36 • 1

35 • _____ • 2



PRIKK TIL PRIKK

Teikn ein strek frå prikk til prikk. Kva skjuler seg her?

FINN FEM FEIL

Dei to biletta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Teikning: TREVOR KEEN



KRYSSORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjå bibel.no

1.

2.

Mann i Lukas 5,27

3.

Dyr i Johannes openberring 4,7

Salte dropar i 2. Korintarbrev 2,4

Dei som skapar fred i Matteus 5,9

4.

Landområde i Johannes 4,4

5.

Gåve i Matteus 2,11

6.

7.

Himmelretning i Matteus 8,11

8.

Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



– Doktor, eg trur eg treng briller.
– Det trur eg på!
For du er ikkje hos legen, du er på McDonald's.

Vitsar

Kvifor har reven pels?
Svar: Den vil ikkje gå i berre underbuksa.



Juletrefest i Eidfjord kyrkje

TEKST: KARI TVEIT HOVLAND
BILETE: KJELLAUG ENGE

2. januar var det duka for den årlege joletrefesten som soknerådet arrangerer. Kyrkjelydsalen var pynta til fest, og ca. 30 små og store fann vegen denne ettermiddagen. Joletrefesten var akkurat som joletrefestar i alle år har vore med leik, kaffi, saft, kaker og gang rundt joletreet. Festen vart avslutta med at nissen kom innom med sekken sin på si ferd tilbake til Nordpolen.



Juletrefest på Omsorgstunet i Ulvik



TEKST OG BILETE: WILLEMINA VAN MANEN

Laurdag 4. januar vart det for andre gong arrangert juletrefest for barnefamiliar. I år var det mange nysgjerrige og spente barn og voksne som hadde funne vegen til den tradisjonelle festen, som også i år var eit samarbeid mellom Ulvik bygdekvinnelag og soknerådet. Og jammen var me godt førebudde – for dette året fekk me besøk av 85 feststemte deltakarar! (Ja, det var umogleg å telje sidan mange var i farta både her og der, men vi rundar opp til 85.)

Programmet var kjent og kjært – med julesongar, pianokomp (stor takk til Elin for å skape den rette stemninga!) og ei juleforteljing frå «Musevisa» opplest av Åsa. Stemninga var på topp, og då alle, både store og små, gjekk rundt juletreet og sang og sprang, var det kun ein ting som mangla – sjølvaste nissen!

Men då nissen endelig dukka opp, viste det seg at planlegginga hadde gått litt på tverke. Det var vanskeleg å få tak i ein nisse rett etter jula, så kom me i siste liten på at nissekona kunne hoppe inn som vikar. Og den vikaren hadde heilt klart litt å lære! Heldigvis var barna kjapt ute og hjalp til. Då nissekona spurte kva ho skulle gjere, ropte dei i kor at ho måtte henta gåver frå sekken sin. Og det gjorde ho – men nokre gåver var kanskje litt uvanlege for anledninga. Først ein BH, så ei truse og til slutt ein sokk! Stemninga var jo allereie god, men no brølte alle ut i latter! Nissekona innsåg at ho hadde tatt feil sekk, heldigvis hadde ho ein ny i bilen, og den inneheldt det barna eigentleg hadde venta på – gåveposer!

Takk til alle som kom og bidrog til å gjøre festen fantastisk, og vel møtt til neste år – då kan vi kanskje få tak i ein nisse som har både rett sekk og plan!



Ulvik kyrkje, smykke og samlingsplass

TEKST OG BILETE: UNNI SOLEM, SOKNERÅDSLEIAR

Kyrkja har stått som eit smykke midt på Brakanes sidan 1858. Ho er ein samlingsplass i glede og sorg, og eit visuelt midtpunkt i bygda. Med jamne mellomrom treng ein slik stor trebygning vedlikehald, og alle ser nok at det er sårt tiltrengt no. Denne våren vil kyrkja verta vaska. Det hjelper på førsteinntrykket, men det trengs meir for å ta vare på bygningen.



Ulvik kyrkje ein sommardag.

Måling og innsamlingsaksjon

Sist kyrkja vart måla var i 2008. Måling er no planlagt til 2026. Kostnadsoverslaget vi har fått er bortimot 1 mill. kroner. Til dette arbeidet fins det ingen tilskotsmidlar i kyrkjeloge organ eller i heradet, ein kan ikkje nyttia investeringsmidlar til vedlikehald. Soknerådet/Fellesrådet planlegg å sokja om tilskot frå fleire eksterne instansar, og vi må og sokja tilleggsøyving til budsjettet 2026 frå Ulvik herad. I tillegg må vi nok skaffa ein stor del av summen sjølve. Vi startar difor ei innsamling til måling av kyrkja. Både små og store bidrag er velkomne. Når innsamlinga er komen godt i gang, vil vi laga eit barometer på heimesida vår slik at ein ser kor langt vi er komne på veg mot innsamlingsmålet. Vi har sett oss eit «hårete mål» på 350 000 kr. Det er mykje pengar! Men vi trur fullt og fast at både private og bedrifter i Ulvik og kringliggjande bygder kan tenkja seg å vera med og ta vare på den vakre kyrkja vår. Du kan gi ved å nyttia **Vipps 125390, velg «Maling av Ulvik kyrkje»**

Treverk og grunntilhøve

Tilstandsrapporten vi fekk utarbeidd av sakkunnige i 2024 tilseier at det trengs meir enn berre utvendig vedlikehald. Det er nokre råteskadar på treverk som må utbetrast. Om det let seg gjera, bør dette skje i samband med måling av kyrkja. Vi er også tilrådd å undersøkja vidare om bygninga sig på sørsida, her trengs meir grunnundersøking som må gjerast av sakkunnige. Ulvik herad har sett av investeringsmidlar til slik grunnundersøking.

Gravplassforvaltning og utvikling av minnelund

I 2024 laga kyrkjeverge ei gravplassmelding som Soknerådet/Fellesrådet vedtok. Denne er grunnlag for vidare forvaltning av gravplassane våre. Om 10 år vil det vera liten kapasitet att for kistegraver, om vi ikkje får endra praksis til at fleire vel urnegrav. Over heile landet vert det no etablert minnelundar der ein kan setja ned urne i eit fellesområde, med namnet på ei felles minneplate. Dette vert kalla «Namna minnelund». For mange kan ei slik ordning vera eit godt alternativ då ein slepp stellet av ei spesifikk grav, men likevel har ein plass å gå for å minnast sine kjære. Vi vil etablira ein slik minnelund på sørsida av kyrkja, mot fjorden, midt på den gamle gravplassen der det no er svært få graver att og der ein ikkje kan nyttia området til nye kistegraver.

Minnelunden skal utformast med ein estetikk som høver til staden, der vi tek vare på utsynet mot fjorden, med lage plantar og benkar der kvar og ein kan sitja i roleg ettertanke. Vi trur det vil verta ein fin plass for alle. Når forprosjektet er i gang, vil vi invitera til eit folkemøte for å presentera idéar og høyra innspel frå innbyggjarane. Dette vert vonaleg hausten 2025. Vi er glade for at Ulvik herad vil bistå oss i dette arbeidet og har sett av midlar til forprosjekt Minnelund.

Eg takkar alle som er glad i og vil vera med og ta vare på kyrkja vår!



Ulvik kyrkje.

Minnelund i Eidfjord

Arbeidet med namna minnelund er i gang i Eidfjord. I fjar haust sette Harry Dijkstra i gang med gravearbeidet. Kanskje, om du har tatt vegen forbi, har du sett at det vert arbeidd på arealet bortanfor gravplassen.

TEKST: ANN KRISTIN STEINHOVDEN WATHNE

Eidfjord sokneråd har saman med kyrkjeverja, i lengre tid arbeid for å etablere ei namna minnelund i forlenginga av gravplassen. Det er nedsett ei nemnd frå soknerådet som jobbar saman med kykjeverge om planane. Fleire har etterspurd ei slik minnelund og no er arbeidet i gang. Ved namna minnelund skal det festast minnesmerke med namn og data på dei gravgangde. Godkjenningsmynde for minnelunder er lagt til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Minnelunda som er planlagt er godt i tråd med den rettleiarena statsforvaltaren har gjeve for slike minnesmerke.

Ei namna minnelund bør ligge i nærleiken av gravplassen. Det skal vera ein god plass å vera. Ein stad for ro og ettertanke. Den skal også vera for alle, uavhengig av tru og livssyn, og den skal ha ei universell utforming. I Eidfjord er vi oppteken av at alle kan nyta minnelunden på denne måten her, uavhengig om ein har graver her, eller ein annan stad. Statsforvaltaren peikar vidare på at vegetasjon og blomar er viktig, både på grunn av skjerminga det gjev, men også for den sanselege opplevinga frå naturen gjennom året. Det bør også vera gode sitjeplassar i tilknytning til minnelunden. Minnesmerket og namneplatene må gje rom for personlege sørjeuttrykk. I Eidfjord har vi ivaretatt alt dette i planane våre. Minnesmerket der namneplatene skal festast vil vera bygd av naturstein i ein flott rund form ein kan gå igjennom. Namneplatene vil bli festa på innsida av muren, og det vil lagast til for lys og vasar der ein kan setje ned blomar. Minnelunden vil bli skjerma med ulike planter og vi arbeider for å få etablert ei blomeeng, der ulike insekt kan finne beite. Gangstiar bind ulike deler som sitjeplasser og minnesmerket saman. Vi jobbar også med å få til eit vaselement. Her har vi sett på og vurdert ulike løysingar. Teikninga under syner eitt forslag som vert vurdert.



Det gule stor feltet er tenkt som ei naturleg blomeeng.

Eidfjord sokneråd ønskjer at minnelunden i Eidfjord skal bli ein vakker oase og ein god stad å vera for ro og ettertanke. Denne våren vil vi også arbeida vidare med å formulera eigne lokale vedtekter for minnelunden. Vi vil koma attende til desse i neste nummer av Brubyggjaren. Målet er at det meste skal vera klart til sommaren.

Prosjektstilling i Eidfjord skal få på plass namna minnelund



Harry i god driv med minnesmerket. På innsida i muren vil namneplatene henga, og det er lagt opp for lyspunkt i muren.

Staben i Eidfjord kyrkje har fått styrka arbeidslaget med ein person for ein periode. Harry Dijkstra vart i haust tilsett i ein 50% prosjektstilling fram til sommaren 2025. Han skal jobba med å utforma namna minnelund i Eidfjord.

tillegg landskapsingeniørutdanning. Tidlegare jobba han på Hjeltnes vidaregåande skule (der produksjonsskulen er no), og underviste anleggsgartnarelevar, og dessutan på fagskulen for arboristar. Han jobbar no i ei 10% stilling som lærar på gartner deltid på Hjeltnes, administrert av Voss gymnas. I 2016 starta han eige firma, Hardanger hagemiljø, der han tek oppdrag innan anlegg og vedlikehald av grøntanlegg, hageplanlegging, kulturlandskapspleie, naturrestaurering, masseflytning og maskinmurering, for å nemna noko.

TEKST OG BILETE: ANN KRISTIN S WATHNE

Harry kjem frå Nederland, men har budd i Ulvik sidan 1995. Han er utdanna anleggsgartner med fagbrev og har i

Brubyggjaren har prata med Harry om arbeidet på minnelunden han er i gang med. Han fortel at det er ein draum å få vera med å utforme minnelunden, frå planleggingsfasen

til den står ferdig. Når vi spør kva han likar best å jobbe med svarer han at han liker best å jobbe med naturstein og med planter. Han legg til: «Det er veldig kjekt å jobbe i eit engasjert team som her. Eg jobbar mykje åleine elles, og det er veldig kjekt å ha Christian med på laget i utføringa». Christian Bouvain er kyrkjetenar i Eidfjord, for dei som lurar. (red.am.) Staben i Eidfjord kyrkje fortel på si side at det er veldig kjekt å få Harry inn i arbeidslaget: «Han er så positiv og bidreg med masse god stemning», seier Irene Viveli til Brubyggjaren. «Han er dessutan fagleg dyktig og god på å finna løysingar på ting».

Når Brubyggjaren spør om kva han har vore oppteken av i arbeidet med minnelunden svarar han at han jobbar etter nokre prinsipp. Det første er gjenbruk. Ein skal bruka mest mogeleg lokal stein (til og med gatestein produsert i Eidfjord) og gjenbruка skifer og smågatestein. Kulestein som blei sikta ut i urnefeltet vert vaska og nytta der det kan være eit fint innslag, til dømes i samband med vaselementet, medan stein med kvasse kantar vert brukt til fyll bak muren. Matjorda vert lagd til sides for å bli nytta til bed og plen. Resultatet er rimeleg, bidreg til minst mogeleg køyring, og gjev eit lokalt preg.

Eit anna viktig prinsipp er biologisk mangfald. Her er det tenkt ei blomeeng med viltveksande blomar og strandsoneplanter. Vi prøver å gjenskapa ei naturleg blomeeng ved vatn, inspirert av lågare delar av Hardangervidda, som til dømes Isdalens. Vi veit at mange i Eidfjord har eit sterkt forhold til vidda, og har hatt dette i tankane ved planlegginga av minnelunden. Dei ville blomane vil skapa gode forhold for insekt, amfibiar og fuglar i området.

Eit tredje prinsipp for Harry er at det skal vera mest mogeleg miljøvenleg. Til dømes vil ein ikkje nytta kunstgjødsel, men heller husdyrgjødsel. Ved bruk av filter vil ein velja biologisk heller enn plastfilter. Ein søker til val som gjev minst mogeleg emballasje og siktar jord med dyrkingsskuff, heller enn å sprøyta ugras, for å nemna nokon grep. Til sist er universell utforming eit viktig prinsipp i utforminga av minnelunden. Arbeidet på minnelunden er kome så langt at ein fint kan sjå konturane av korleis dette kjem til å bli. Brubyggjaren takkar for praten og ønskjer Harry lukke til vidare med arbeidet. Det vert spanande å følje med vidare!

Gravplasshjørna

TEKST: EIFJORD KYRKJE

Må ein ha blomebed framfor gravminnet?

Nei, det går fint an å berre ha plen framfor gravminnet. Ein kan likevel setje ned friske blomar når ein måtte ønskje det. Vasar er tilgjengelege på alle kyrkjegardane.

Kan ein gjenbruke eldre graver ved ny gravlegging i familien?

Ja, det kan ein. Når det har gått 30 år sidan siste gravlegging, kan du som festar velje å gjenbruke grava ved ny gravlegging. Du kan då enten byte ut gravminnet med eit nytt og la dei eldre namna gå ut, eller leggje til fleire namn på det eksisterande gravminnet. Nokon vel også å snu steinen, slik at dei eldste namna kjem på baksida og nye namn kan førast på framsida. På denne måten kan ein ta vare på historia og gjere familiegravstaden til eit minnesmerke over fleire generasjonar.

Er seniorgjengen grønn av misunnelse?

Det går rykter om at barnehagane og småtrinnet på skulen er invitert til påskesamlingar i Eidfjord kyrkje i år igjen. Og veit du kva? Ryktene er sanne!

Ingeborg, Signe og Manuela er i full gang med å førebu påskevandring, påskeverksted og anna moro. «Ferie uten koffert gjengen» er sikkert grønne av misunnelse, men det får ikkje hjelpe. Dette er for dei minste, og me skal ha det kjempegøy. Når kyrkja vår er fylt med smilande og glade born er det ekstra kjekt å vere på arbeid. Kyrkjerommet koker av aktivitet, og kvar krik og krok vert utforska. Også dette året går sjølvsagt påskeforteljinga som ein raud, eller kanskje heller gul, tråd gjennom samlingane.





Har du dåpsbarn?

Me minner om at
Eid fjord kyrkje
har dåpskjole
for utlån.

Som dagane går...

Døypte

Eid fjord

Markus Myklatun – døypt i Leirfjord kirke
Anton Gullbrå Norum
Aslak Hovdegard
Josefine Sæbø
Olai Gautestad Bu
Emilie Lægreid Riber

Vigde

Eid fjord

Christine Kvam og Stig André Hisdal

Avlidne

Eid fjord

Astrid Eide, fødd 1939
Endre Liseth, fødd 1932

Ulvik

Wollert Nordahl, fødd 1944
Kjell Olav Bekkevold, fødd 1945
Ann Vestrheim, fødd 1939
Øyvind Haga, fødd 1946

Konfirmandar 2025

ULVIK KYRKJE

4. MAI KL. 11.00

Thea Sofie Bergo

Mads Bakkan Ådland

Inga Hjeltnes

Linnea Tveit

Johan Tveit

Julie Grønningsæter Thorsen

Anna-Kristina Batta Solheim

Margrete Tellnes Aarekol

Jorid Lunestad Syse

Øystein Magnus Hamarsland

Ylva Wally Boerilden Polden

EIDFJORD KYRKJE

10. MAI KL. 12.00

Andreas Meel Myrvang

Britt Victoria Midtbø

Elin Myklatun

Emilia Ingrid Elvgaard

Martine Skår

Mirco Marinini

Simen Petra Bergman

Tora Johannessen

Torgeir Bu

Tuva Stakseng Ukvitne

Maiken Helen Moe-Stakseng Leigland



Gudstenesteliste

Vipps

Gåre til Ulvik sokn
#125390



Du kan bruka Vipps ved
ofringa og ved gåver.

Vipps Ulvik kyrkje:
125390

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
16.02.2025	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
02.03.2025	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Familiegudsteneste, fastelaven, utdeling T10
23.03.2025	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste, årsmøte, kyrkjekaffi
13.04.2025	11.00	Palmesundag	Ulvik kyrkje	Familiegudsteneste, kyrkjekaffi
20.04.2025	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudsteneste Påske
24.04.2025	18.00	torsdag	Ulvik kyrkje	Samtalegudsteneste
04.05.2025	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Konfirmasjon
17.05.2025	09.30	laurdag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste 17. mai
29.05.2025	11.00	torsdag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudsteneste Kristihimmelfartsdag
08.06.2025	11.00	måndag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudsteneste 1. pinsedag

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
16.03.2025	11.00	sundag	Eidfjord kyrkje	
27.03.2025	19.00	torsdag	Eidfjord kyrkje	Kvardagsmesse
17.04.2025	16.00	Skjærtorsdag	Eidfjord kyrkje	
20.04.2025	11.00	1. påskedag	Liseth	Friluftsgudsteneste
08.05.2025	18.00	torsdag	Eidfjord kyrkje	Samtalegudsteneste
10.05.2025	12.00	sundag	Eidfjord kyrkje	Konfirmasjon
17.05.2025	11.00	17. mai	Eidfjord gamle kyrkje	
08.06.2025	11.00	sundag	Ved gapahuken i Simadal	Friluftsgudsteneste
29.06.2025	11.00	sundag	Eidfjord kyrkje	Folkemusikkmesse

Vil du ha SMS med påminning når det er gudsteneste i Eidfjord kyrkje?

Ta kontakt med kyrkjekontoret telefon 53 66 52 51 eller e-post post@eidfjordkyrkje.no, så set me deg på lista!

Kva skjer i Ulvik kyrkje?

- 1. mars 2025: **T10 samling**
- 20. mai 2025: **Supertysdag med Ingeborg Wijland**



Kva skjer i Eidfjord kyrkje?

Småbarnskafé (småbarnsforeldre i permisjon)
kvar onsdag kl. 10:30-13:30

Minikyrkje (familiar)

1. torsdag i månaden kl. 16:00-17:30
(04.03. / 03.04. / 08.05. / 05.06.)

Agentklubben (1.-2. klasse)
tysdagar kl. 14:30-16:00 (25.03. / 29.04. / 27.05.)

Tårnagent (3.-4. klasse)
fredag 14.03. kl. 09:00-13:00

Påskeaktivitetar (for 3.-4. klasse)
tysdag 08.04. kl. 14:15-16:00

Jordvenn (6.-8. klasse)
samling tysdag 13.05. kl. 17:30-19:00, leir 24.-25.05.

Ferie utan koffert (frå 65 år)
1. tysdag i månaden kl. 10:00-14:00 (02.03. / 01.04. / 06.05.)

Toneskredo

TEKST: HILDE ANETTE OKSAVIK BU

Toneskredo er eit blandakor i Eidfjord, og har i vår ca. 30 aktive medlemmer. Dirigent er Tom Jarle Istad Kristiansen frå Voss, som har fokus på å få oss til nye høyder. I år er det blant anna rock på programmet, noko me ikkje har prøvd oss på før. Spennande med nye utfordringar!

I haust jobba vi med julekonsert, som vart gjennomført på eksemplarisk vis. Konserten var saman med Hardangerbrua Musikklag. Dei hadde med seg korpsset i Ulvik, og leverte nydeleg julemusikk til publikum. Det er alltid kjekt å ha med seg korpsset på julekonsert, og vi ser fram til vidare samarbeid ved eit seinare høve.

Julekonsertar er tradisjon, det er høgtid og det er julestemning. Det er ein konsert som me i Toneskredo legg mykje arbeid i, og me er glade for at så mange kjem og deler kvelden med oss. Denne kvelden kjem me også til å hugse av andre grunnar. Når me kom til konserten var det ein kald, flott desemberkveld, og når me gjekk ut av kyrkja var situasjonen ganske annleis. Det høyrer med til soga at alle involverte kom seg trygt heim, før vinden sette ein stoppar for det meste.

Er du usikker på om du passer i kor? Kom innom oss ein måndag! Vi øver måndagar i partallsveker kl. 19–22. Øvingane finn stad i Eidfjord kyrkje, men koret er ikkje tilknytt kyrkja. Vi har ulikt repertoar gjennom året, og deltek på ulike oppdrag og arrangement.

Denne våren øver vi mot basar 1. april i samfunnshuset, og avsluttar semesteret 28. april i godt lag. Til hausten er det ny julekonsert som står for tur, og neste vår skal vi ha musicalprosjekt saman med Vik Songlag og Vossagospel. Det vert to øvingshelger saman og ei konserthelg, så det gler vi oss til!!

Velkommen til oss i Toneskredo, og velkommen til basar på samfunnshuset 1. april.



Toneskredo har korøving i Eidfjord kyrkje annankvar måndag.

fjell & fjord
KAFFI-KREMNERI

Vårt Fjell & Fjord Hjerte
er takknemlig;

Lokal handel gir livsgnist!

Velkommen til Eidfjord

www.effh.no / 53 66 52 64

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
 Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



ULVIK 
VVS

Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands
GRAVFERDSBYRÅ

VIRKE
GRAVFERD

56 51 11 94 / 415 54 522
www.vinsand.no

FJORDTIND
HOTELS

Velkommen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
 og Quality Hotel Vøringsfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
 og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevelingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhotels.no
Quality Hotel Vøringsfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no

ULVIK BENZIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89

Mob. 907 54 533

**Det finst mange
 små og store draumar
 på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
 endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
 oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
 med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
 direkte utbetalta til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte



 Sparebanken Vest



Konfirmantane våre på jakt etter fellesskap og ekte historiar

Kan ein tidlegare fotballproff læra ungdomar noko om livet, utfordringar og det å vere seg sjølv?

TEKST: EIDFJORD KYRKJE

Like før dette bladet gjekk i trykken samlast konfirmantar frå Ulvik, Eidfjord, Granvin, Lofthus og Kinsarvik i Ulvik for ein dag fylt med fellesskap, inspirasjon og aktivitetar. Dette er ein flott moglegheit til å møtast på tvers av kommunegrenser, bli kjent med nye menneske – og kanskje få nokre tankar å ta med seg vidare i livet.

Høgdepunktet for samlinga er foredraget til tidlegare Brann-spelar Arve Walde. Han deler si personlege historie om speleavhengigkeit, fasadebygging og korleis han lærte å snakke om det som er vanskeleg.

Som ungdom og profesjonell fotballspelar opplevde Walde at han vart god på å skjule sine svakheiter – både for seg sjølv og andre. Han forstod tidleg at speleavhengigheita var eit problem, men heldt det for seg sjølv i mange år. I dag er han open om kva han har gått gjennom, og kva det har lært han: At styrke ikkje handlar om å vere perfekt, men om å vere ekte. Gjennom sin erfaring som idrettsutøvar og lærar ser Walde at mange, spesielt unge, gøymer bort det som er vanskeleg. Ofte bak perfekte fasadar i sosiale medium. Men det å skjule svakheitane sine kan skape større utfordringar – det veit han sjølv alt om.

«Når vi vågar å vise kven vi er, med både styrker og svakheiter, skapar vi rom for å takle livet betre», seier han.

Dette er bodskapen han ønskjer å gi vidare til konfirmantane. Dagen byr også på god mat, aktivitetar og fellesskap som gir konfirmantane ein dag dei seint vil gløyme – og forhåpentlegvis litt ekstra ballast i reiseveska vidare i livet.



Tidlegare Brann-spelar Arve Walde deler si personlege historie. Styrke handlar ikkje om å vera perfekt, men om å vera ekte.